



Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi arbeider for å styrke grunnlaget for busettnad og næringsliv i Sogn, mellom anna gjennom kvalitetsutvikling av barnehagane, skulane og entreprenørskap. Dette er fjerde gongen vi arrangerer messe for ungdomsskulane i Sogn.



# Kreativitet, mangfald og skaparglede

## Velkommen til entreprenørskapsmesse i Luster

3. mai 2012





## Du bestemmer!

Før du sluttar på ungdomsskulen må du velje retning på kva du skal gjere vidare. Kva interesser har du, kva kan du tenkje deg å arbeide med, kvar kan du få jobb i Sogn? Det er du som bestemmer, og arbeidet med entrepenørskap i skulen skal hjelpe deg med valet. Entreprenørskapsarbeidet i skulen handlar ikkje om at elevbedriftene skal tene mest mogleg pengar. Det handlar om å sjå verdien av alle faga på skulen, og alt det spanande du kan bruke dette til i arbeidslivet. Entreprenørskap handlar om samspel, skaparglede og trua på eigne mål og krefter! Det handlar om å opne ei dør til arbeidslivet.



## Elevaktiv messe

- Foredrag med Yngvar Andersen
- Elevane i 8. klasse skal på bedriftsbesøk i Gaupne.
- Besøke stand/elevbedrifter i idrettshallen
- Underhaldning



## Program

- 09.00 - 11.00 Riggging av elevbedriftene
- 11.00 - 11.45 Opningsarrangement
- 11.45 - 14.15 Besøk på stand, foredrag og besøk hjå lokale bedrifter
- 14.30 - 15.00 Avslutningsarrangement

